

| | |
|--------------------------|-----------------|
| SAMFERDSELSDEPARTEMENTET | |
| AVL/SEK. | PLS |
| 11 SEPT. 2008 | |
| S.Nr.: 08 / 173 - 208 | |
| ARKIVKODE: | 412.3 AVSKREVET |



Til:

Samferdselsminister Liv Signe Navarsete
Stortingsgruppene til Ap, SV og SP
Presse

Bergen 10.09.08

Dei raud – grøne partia langs Vossebanen ber om møte med Samferdselsminister Liv Signe Navarsete snarast.

Innspel til Nasjonal transportplan frå dei Raud –grøne partia i Bergen, Vaksdal og Voss
Bergensbanen må rustast opp – både for reisande mellom Bergen og Oslo, men og for å knyta kommunane langs Bergensbanen og Bergen tettare saman. Vossebanen er nedslitt, umoderne og deler av traseen er frå slutten av 1800 – talet. Svært få, om noen av stasjonane har universell utforming og enkel trasé gjer at hyppighet og komfort ikkje kan møte det dagens reisande forventer.

1,2 millionar menneske bur i kommunane langs Bergensbanen, for mange av oss er jernbanen den viktigaste samferdselsåra. Ein kan og påpeka at Arna – Bergen har over to millionar reisande kvart år. Det er fleire enn totalen på for eksempel Vestfoldbanen.

I dag er reisetida Voss – Bergen om lag 80 minutt, med ei halvering av reisetida vil Voss og Vaksdal bli eit naturleg pendlaromland for Bergen – og det trengst! Bergen har i dag knapphet på areal både til næring og bustader og kommunane i indre delar av Hordaland slit med folketalsutvikling og mangel på arbeidsplassar.

Dei raud –grøne partia ynskjer at utviklingen av Bergensbanen til Voss får høgste prioritet for regjeringa – hundre år med prat må no omsetjast i handling.

Dei raud – grøne partia i kommunane Bergen, Voss og Vaksdal ber regjeringa gje fylgjande punkt høgste prioritet:

- At dobbeltspor Arna – Bergen gjennom Ulriken får fyrsteprioritet i NTP med anleggsstart i 2009 og at utbygginga Bergen – Fløen, tunnel og opprusting av Arna stasjon kjem i ein eingong.
- Ny trasé/tunnel Takvam – Trengereid kjem i forlenginga.
- At Ringeriksbanen igjen kjem på skinner, og at regjeringa har som målsetting at reisetida Bergen – Oslo skal vere på fire timer innen 2019.

Bergen:

Terje Ohnstad, gruppeleiar Ap /s/
Oddny I. Miljeteig, gruppeleiar SV /s/
Kjersti Toppe, gruppeleiar Sp /s/

Voss:

Gunn Berit Lunde Aarvik, Ordførar Ap /s/
Einar Horvei, gruppeleiar SV /s/
Sigbjørn Hauge, varaordførar Sp /s/

Vaksdal:

Eirik Haga, Ordførar Ap /s/
Kjartan Haugsnes, gruppeleiar SV /s/
Karin Nordheim Flatekval, gruppeleiar Sp /s/